



Bergen Kickboxing Klubb

Dato: 14.05.2014
Vår ref.: 2014/11899-18
Saksbehandlar: annport
Dykkar ref.:

Tildeling av tilskot til fysisk aktivitet for barn og unge 2014 - Bergen Kickboxing Klubb

Det vert vist til dykkar søknad med frist 15.02.2014 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til fysisk aktivitet for barn og unge. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, har vedteke den 14.05.2013 å tildele Kick og dans kr. 30.000 til tiltaket.

Grunngjeving

For 2014 er det kr 900.000 til fordeling. Det kom inn 25 søknader innan fristen med ei samla godkjent søknadssum på kr 1313000. Tildelinga er sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og helse. Ved avgjerda av dykkar sak har Kultur- og ressursutvalet lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Kultur- og ressursutvalet fant at dei vedtekne vilkåra for tildeling er oppfylte og at dykkar tiltak, etter ein samla skjønsmessig vurdering, vert tilgodesett.

Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak kan finnast på Hordaland.no/politikk

Utbetaling

Tilskottet vil bli utbetalt til dykkar konto 52312125633 med kr. 30.000 så snart som råd. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for tilsegnet

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med prosjektplan samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
- Tilsegns-mottakar skal gjennomføre rapportering/levere rekneskap samt medverke ved eventuell kontroll som nemnt under.
- Dersom tiltaket vert gjennomført med billettsal skal tilsegns-mottakar akseptere ordninga med følgjekort («ledsagerbevis») for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.

Om føresetnadene ikkje vert oppfylt, kan tilskottet bli skjønsmesseg avkorta eller falle bort. Vi ber om at Hordaland fylkeskommune vert gjort synleg som tilskottsmottakar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på <http://www.hordaland.no/logo>.

Rapportering

Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt innan 15. desember 2014. Rapporten skal minst innehalde desse punkta:

- Skildre gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peike på eventuelle avvik og grunngje desse.

- Informere om eventuell vidareføring

Tilsegnsmottakar skal av eige tiltak varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskottsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagemynde er Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Om spørsmål ta kontakt med rådgjevar på folkehelse Anne Mette Nesje Porten tlf: 55378014
annport@hfk.no

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.